

Oppdatert:13.9.16

Serviceerklæring

Ulvik herad

## **ERGOTERAPI-TENESTE**

---

### **Heimelsgrunnlag**

Helse og omsorgslova § 3-2 pkt 5 og 6 a) , Pasient og brukarrettigheitslov § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene, Forskrift om habilitering og rehabilitering i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova

### **Innhaldet i tenesta**

#### **Hjelpa å finna løysingar når det oppstår eit gap mellom helse di og kvardagen sine krav**

- Hjelp med tilretteleggjing og funksjonstrening for personar med akutt eller kronisk sjukdom eller skade, slik at dei i større grad kan klara seg sjølve.
- Rettleiing og samarbeid om korleis ein kan meistra daglege gjeremål,- heima, på skule eller på arbeidsplassen
- Rettleiing/utprøving av ulike typar hjelpemiddel
- Råd og rettleiing om daglegdagse aktivitetar
- Tilpassa aktivitetar ved hjelp av alternative arbeidsteknikkar og rutinar
- Leggja til rette for at personar som treng omfattande tenester over lengre tid kan få utarbeidd individuell plan

### **Kva du kan forventa av oss som tilsette**

- Du skal verta møtt på ein høfleg og respektfull måte
- God fagleg kompetanse
- At tilsette etterlever krav knytt til teieplikta
- Hjelp til formidling/utprøving av hjelpemiddel med nødvendig opplæring/tilpassing/montering –både korttidsutlån og ved varig behov
- Informasjon, råd og rettleiing om dine rettar i høve til lovverk

### **Kva forventar me av deg som brukar**

- At du har tenkt gjennom kva du treng hjelp til og formidlar dette tydeleg
- At du har respekt for at ein ikkje alltid kan innfri alle forventningar til behovet for hjelp
- At du tek vare på hjelpemidla og at dei vert levert tilbake til pleie og omsorg etter avslutta behov

### **Praktiske opplysningar**

- Ergoterapeut har kontor ved Ulvik sjukheim
- Ergoterapitenesta er for tida gratis

### **Saksgang ved søknad om ergoterapi-teneste**

\*det må føreliggja eigensøknad frå brukar/pårørande. Den som har eit hjelpebehov skal ha signert søknaden før sakshandsaming tek til.

\*Ergoterapeut føretekk vurderingsbesøk i etterkant av søknad/tlf.

\*Vedtak/skriftleg svar skal føreliggja innan 3 veker etter skriftleg søknad.

### **Klage på vedtak:**

\*Klagefristen er 4 veker frå du mottok vedtaket og klagen må vera skriftleg og grunngi kvifor du klagar og oppgi kva du ynskjer annleis.

\*Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak

Ansvarleg for tenesta: Ergoterapeut (Arbeidstid: Man- Onsd – Fred)

Tlf. Ulvik Sjukeheim: 56 52 70 80

Adresse: Avd. pleie og omsorg, Ulvik herad, Prestegarden 14, 5730 ULVIK